



## Statens vegvesen

### Notat

Til: Eivind Yttri  
Frå: Terje Arild Kveane  
Kopi:

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Terje Arild Kveane +47 57676834  
Vår dato: 2003-07-08  
Vår referanse:

### Ras Fardal og Havella

#### Fardal

I mars? rulla det ned ei stor steinblokk og la seg fint til rette like i vegkanten innom Fardal rv.55 hp 06 km. 6,250 (ca.).

Det kom ikkje stein inn i riksvegen, og me vart ikkje varsla av Mesta AS- me har fått "rasrapport" i etterkant.

TAK har vore på staden og sett opp i løsneområdet med kikkert. Steinen har losna i ein bratt hammar oppe i fjellsida, og rulla ned ei ur før den la seg til rette i vegkanten.

Det kan sikkert losne meir stein i området, men det skal svært store blokker til før dei vil komme ned i vegen. Mesteparten vil nok verte liggande i ura under hammaren.

Min konklusjon: Uråd å gjere tiltak i dette området, men me får vere merksame dersom det losnar meir stein i området.

#### Havella

Den 11.juni kring kl.15.30 gjekk det eit ras ved Havella rv.55, hp 03, km.5,620 mellom Skjolden og Luster.

Store steinblokker kom ned i riksvegenvegen, og fleire gjekk over vegen og ned i fjorden.

Vegen var stengt til Mesta AS fekk sprengt dei største blokkene og rydda vegbana.

Mesta let trafikken passere då vegbana var rydda. Dei såg det låg att stein oppe i rasløpet, men meintesteinane ikkje ville komme ned i vegen.

Morgenon etter var TAK og såg på rasområdet, bla. i kikkert frå andre sida av fjorden.

Det ligg att ein del stein i rasløpet, men dei er for små til å komme ned i vegen. Det er ur i botnen av raset, og ei flate/ slak skråning ut mot vegen der steinane vil stoppe. Kun store blokker kan komme heilt ned i riksvegen.

Etter samtale med S.H.Frækaland vart me einige om ikkje å gjere tiltak i området.

Mvh Terje Arild Kveane

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

Telefon 57 65 57 00  
Telefaks 57 65 59 86  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Askedalen 4  
LEIKANGER

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Båtsfjordvn 18  
9815 VADSØ  
Telefon 78 94 15 50  
Telefaks 78 95 33 52